

Møte i Gulen kommunestyre 07.12.2023

Torsdag 07. desember 2023 er det møte i kommunestyret. Møtestart kl. 10:00

Stad: Dalsøyra samfunnshus

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i Innbyggarservice, og på nettsida til Gulen kommune. Møtet er ope for publikum, kan også følgast digitalt. Følg med på nettsida til Gulen kommune for utlagt link til møtet. Alle er velkomne.

Frå ordføraren

Kjære alle.

Eg vil, som nyvalt ordførar, starte med å takke for tilliten eg har fått. Mitt indre ønske er å gjere så godt som eg kan for Kommunen i heilheit. I skrivande stund har eg akkurat vore ordførar i 1 måned. Tiden er nytta til å bygga relasjonar, lære endå meir om den flotte kommunen me bur i, og regionen me er ein del av. Ein raud tråd som eg les av den tilførte kunnskapen den siste månaden, er at me må få mykje meir fokus på klima og klimamål som er satt mot 2030. Det grønne skiftet vil påverke oss som bur i Gulen og me må ta innover oss at me må gjere endringar for framtida også innanfor våre kommunegrenser.

Det er fleire utfordrande faktorar utanfrå som påverkar oss. Det er krig fleire stader i tillegg til at manglande oppfyljing av klimamål gjev oss ekstra miljøutfordringar. Me har og renteauke som går direkte utover den einskilde sin privatøkonomi. Trass dette ser eg optimistisk på utviklinga av kommunen, at me som innbyggjarar i kommunen skal kjenne det er godt å bu i Gulen og at me vil stå samla i urolege tider. Eg har stor tru på at me som folkevalde i kommunestyret skal fatte gode avgjerder saman i den kommande perioden. Som ordførar ynskjer eg å være ein ordførar innbyggjarane kan komme til, ha ope dør og

arrangere innbyggardagar for å treffe så mange som mogleg.

I desember skal eg besøke oppvekstsenter, helseinstitusjonane våre, og nokon verksemder. Dette gler eg med stort til! Desember er og ein av mine favoritt månader då eg er svært glad i jula og eg blir grådig oppmuntra av alle julelysa som pyntar opp ein mørk årstid. Oppfordrar alle til å sende eit julekort, ta ein telefon, gje ein klem og snakk med nokon ein elles ikkje snakkar med i denne tida, spreie litt juleglede i ein elles travel førjulstid. Sjølv sagt må ein prøve å rekke over alt ein ynskjer rekke over til jul, men ikkje ver for hard mot deg sjølv om det ikkje blir heilt som tenkt. Det viktigaste er å være saman og lage gode minne.



Ynskjer dykk alle ei fredfull og god jul!

May-Lynn Osland

Kunngjering Handlings- og økonomiplan 2024-27 med budsjett og gebyr 2024.

Framlegg ligg til offentleg ettersyn ved Innbyggarservice på kommunehuset og på nettsida til Gulen kommune. Fram til og med 07.12.2023 er det høve til å kome med merknader til saka.

Merknader kan sendast til kommunen anten per e-post postmottak@gulen.kommune.no eller post: Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik

Dette er det nye formannskapet

May-Lynn Osland, AP, 37 år, bur på Sande



Medlem siden 2007 i AP. Aktivt medlem på gruppemøter og medlemsmøter dei siste 10 åra. Siste periode har eg vore i utvalet for oppvekst og fast vara for kommunestyret.

For meg er det ein kjekk hobby å ha geiter og bier på garden. Det er gøy og litt krevande til tider, men veldig kjekt med prosjekter og å arbeide fysisk på garden.

Eg forventer at vi som formannskap skal ha gode diskusjoner, finne fram til gode vedtak samla og vere med på å skape utvikling for kommunen. Håper på at det kjem mange kjekke saker.

Nils Inge Ynnesdal, SP, 38 år, bur i Austgulen



Er inne i min 2. periode som fast inne i kommunestyret, og vald som varaordfører 2023-2027. Var nestleiar i HOP i førre periode. I tillegg er eg lokallagsleiar i

Gulen Senterparti.

Min største hobby er fotball på seniorlaget til Masfjord/Gulen, som eg håpar at eg framleis kan vere litt med på, og få tid til, utanom jobben som lærar og politkar.

Å få vere med i formannskapet trur eg blir veldig kjekt, og er noko eg gler meg til. Eg forventar mange gode diskusjonar og mange spennande saker. Sjølv om eg har vore med som fast medlem i kommunestyret i ein periode før, har eg før denne perioden aldri delteke i eit formannskapsmøte. Difor tenkjer eg også at det nok blir ein del nytt å setje seg inn i. So skal eg gjere mitt beste, for å vere med å bidra til eit godt formannskap dei neste fire åra.

Rolf-Daniel Midtun, Sp, 36 år, bur på Midtun



Av politisk erfaring har eg vore 8 år i kommunestyret.

For meg er det ein spennande hobby å vere gardbrukar.

Eg forventer at ein tverrpolitisk får til godt

forankra vedtak som sikrar vekst og vidareutvikling i kommunen.

Bente Hauge, Krf, 49 år, bur på Takle



Har vore medlem i Gulen KrF i mange år, og aktivt med i styret. Har vore vara i kommunestyret og i utval i to periodar før.

Har stor interesse for naturbruk, dyrking og sanking til eige bruk, og

elles hage og blomster. Er glad i det kreative, lage, skape, male, brodere, sy, snekre med mer. Er avhengig av å lytte til musikk i mange ulike sjangrar, og må alltid ha mobilen med meg ute, for eg finn alltid noko fint å ta bilete av.

I formannskapet håpar eg at eg kan vere med på å finne gode løysingar for innbyggjarane i kommunen vår, og bidra til at folk vert høyrde. Eg vil arbeide for at me får vekst og utvikling i heile kommunen på ein berekraftig måte, der omsynet til naturen, livsgrunnlaget vårt, skal vere i fokus.

Øyvind Bøe, H, 46 år, bur i Furneset



Som politisk erfaring har eg 2 tidlige periode i kommunestyret for Høgre fra 2011-2015 og 2019-2023.

Som hobby likar eg å spele gitar og syngje litt attåt, men har aldri spelt i band.

Mine forventningar til formannskapet er at me på tvers av partipolitiske skiljelinjer skal kunne jobbe fram god og framtidretta politikk for Gulen kommune.

Kunngjering om oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtaler

I samsvar med plan- og bygningsloven § 17-4 første ledd blir det varsla om at Gulen kommune startar opp forhandlingar med utbyggjarane av Byrknes Utvikling, Sjursmarka Byrknes og Arehaugen, Kittelsvik.

- SIL Eiendom AS om utbyggingsavtale for gjennomføring av reguleringsplan 2021003 for Byrknes Utvikling, gbnr. 97/5 og 95/11 m.fl.
- Steelhead Invest AS om utbyggingsavtale for gjennomføring av reguleringsplan 2021001 for Sjursmarka Byrknes, gbnr. 95/361, 95/362 og 95/363 m.fl.
- Sognehus Eigedom AS om utbyggingsavtale for gjennomføring av reguleringsplan 2023001 for Arehaugen, Kittelsvik, gbnr. 90/1.

For meir informasjon sjå saksinnsyn hos Gulen kommune: [Arkivsak 21/1152](#) (Byrknes Utvikling), [Arkivsak 21/37](#) (Sjursmarka Byrknes), og [Arkivsak 23/59](#) (Arehaugen, Kittelsvik).

Framforhandla avtale vil bli lagt ut til offentlig høring før den skal til politisk behandling.

Innspel

Merknader til arbeidet med utbyggingsavtaler i området kan sendes til Gulen kommune på e-post postmottak@gulen.kommune.no eller som brev til Gulen kommune, Eivindvikvegen 119, 5966 Eivindvik.

Merk innspelet med «Uttale til forhandlingar om utbyggingsavtaler».

Frist for innspel er: 28.12.23.

Kontakt

Dersom du har spørsmål, kan du ta kontakt med Reidun K. Halland på e-post reidun.halland@gulen.kommune.no

Informasjon frå legekantoret

Du kan no kontakte legekantoret via Helsenorge.no . Her kan du fornye resepter og bestille legetimer. Du logger deg inn med bank id . Me svarer deg så raskt me kan, innen 5 dagar. Det er raskt og enkelt og du slepp å bruke tid i telefonkø.

Kanskje du kan få nokon til å hjelpe deg viss du synes det er vanskelig? Ved at fleire nyttar denne tenesta, vert det mindre kø på telefonen og du som treng å snakke med legekantoret kjem raskare til.


Opningstider jula 2023:

Mandag 25/12, tysdag 26/12 og mandag 1/1-24 stengt.

Kun øyeblikkelig hjelp onsdag 27/12, torsdag 28/12 og fredag 29/12.

Utekantor er stengt i romjula.

Med ynskje om ei god og fredfull jul, helsing oss på legekantoret.



!! Ny fast opningstid på BUA:

Bua Gulen ved Dalsøyra Samfunnshus har ope **tysdagar** 17.00-18.30

Spørsmål? Ta kontakt med

Johanne Halland Fridtun: 404 46 022

TAKK frå Gulen sjukeheim

Korttids-/langtidsavdelinga og dementavdelinga vil med dette få takka hjarteleg for minnegåvene vi har motteke etter Ove Unneland, Jon Arthur Molde, Tor Njøten og Kåre Straume sin bortgang.

Gåvene vil bli nytta til glede for dei respektive avdelingane. Tusen takk.

Mvh helsing tilsette og bebuarar på Gulen sjukeheim v/einingsleiar Nina Haveland

Tannklinikken har julestengt frå 21/12-23 til og med 1/1-24.

Akuttvakt 21/12, 22/12, 27/12 og 28/12 er Lindås tannklinikk, telefon 56360217.

Akuttvakt 29/12 er Nordhordland tannklinikk, telefon 56351210.

Tannlegevakta i Bergen kan kontaktes på telefon 55310310 ved behov for hjelp på kveldstid/helg og på helligdager.

[Tannlegevakta i Bergen - Vestland fylkeskommune](#)



Vi ønsker alle ei riktig god jul.



Eivindvik tannklinikk
Vestland fylkeskommune

Krossen i Krossteigen

I løpet av vinteren planlegg vi å behandle krossen for mose og lav som dekkjer krossen, i førebuinga til 2024 der Gulatinget og Gulen kommune er ei hovudsatsing i Nasjonaljubileet – Norge i tusen år.

Gulatinget er også del av 750 markeringa for Magnus Lagabøte sin Landslov av 1274.



For å fjerne mose og lav på mest mogleg skånsam og effektiv måte, har Bergen Museum, seksjon for ytre kulturminner tilrådd å kle

Bilde frå synfaring i 2006. Berit Gjerland til høgre. Representant frå Bergen Museum, Seksjon for ytre kulturminner til venstre.

krossen inn med svart plast nokre månader i den mørkaste tiden på året.

Dette drep mose og lav som er avhengig av lys, og er ein metode som vert brukt på m.a. helleristningsfelt.

Krossen i Krossteigen er eit automatisk freda kulturminne, omfatta av Lov om kulturminner § 4.

Lova legg føringar for all aktivitet nær kulturminner som kan vere eigna til å skade kulturminnet.

Aktivitet nær krossen som kan skade kulturminnet vil medfører straffeansvar med fengsel eller bøter dersom skade oppstår.

Freda kulturminner er vidare omgitt av ei sikringssone jfr § 6.

Krossteigen er ein del av sikringssona for krossen og all ferdsel/aktivitet i denne sona skal skje med aktsemd.

Skade på automatisk freda kulturminner medfører straffeansvar.

Riksantikvaren har det overordna ansvaret for freda kulturminner.

BILL.MRK.

Tak over hovudet

I høve nasjonaljubileet Noreg i tusen år, Gulatinget 2024, vil Gulen få gjestar frå fjern og nær. Dette betyr at vi treng ulike overnattingsplassar i samband med arrangementet som skal gå av stabelen i slutten av august 2024.

Vi jobbar no med å finna husly til kunstnarar og artistar som kjem. Vi ser no at vi har eit særskilt behov for hus/hytte med 12 sengeplassar, til ei gruppe utøvarar frå 19. til 27. august 2024. Om det er to hus i relativt kort gangavstand frå kvarandre, vil det òg fungera godt. Vi tenkjer at overnattingsstaden er på strekninga Nordgulen – Eivindvik.

Ta kontakt om du skulle ha noko av interesse!

Har du rom, hus, hytte eller teltplass til leige i Gulen kommune i tidsrommet 23.-25. august? Velkomen til å ta kontakt!

tone.ekerhovd@gulen.kommune.no

tlf. 908 48 497

Opningstider jula

Innbyggarservice på kommunehuset har ope onsdag-fredag i romjula frå kl. 10.00-14.00.

Kontaktsenteret (tlf 57 78 20 00) er bemanna i same perioden.

GOD JUL